

Samarbeidande kraftfylke

| | | |
|------------------|------------------|------------|
| Fylkeskommunane: | | Aust-Agder |
| Troms | Sogn og Fjordane | Telemark |
| Nordland | Hordaland | Buskerud |
| Nord-Trøndelag | Rogaland | Oppland |
| Sør-Trøndelag | Vest-Agder | Hedmark |

Leiar: Magnar Lussand,
Postadr.: Folkedal, 5736 Granvin.
Tlf. 56525828, Mobil: 93431800.
E-post: m-luss@online.no
Sekretariat: Kraftfylkesekretariatet,
Postadr.: c/o SFE, Bukta, 6823 Sandane.
Tlf. 57884719. Fax 57884701.
E-post: john.stoyva@sfe.no

Sandane 03.12.2007.

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.
0033 Oslo

Høyringsvar – utkast til forskrift om støtte til produksjon av elektrisk energi frå fornybare energikjelder

Det vert vist til brev og høyringsnotat dgs. 02.10.2007.

Samarbeidande kraftfylke meiner at elektrisitetsproduksjon frå fornybare energikjelder er rett satsing for å få til ein rett miljø- og ressursmessig energiproduksjon. Vi har likevel enkelte merknader til ordninga og forskriftene:

- Enova burde vore finansierast over statsbudsjettet. Ei grunngjeving er at omsynet til effektiv ressursbruk tilseier at investeringar i fornybare energiressursar bør avvegast saman med anna bruk av midlar i statsbudsjettet, noko som statsforvaltninga brukar å legge stor vekt på i andre samanhengar. Samtidig er det viktig at nettselskapa vert gjevne økonomisk grunnlag for å gjere nødvendige investeringar i nettet og til utjamning av nettleiga. Det bør vurderast om det er rom for å allokere dei inntektene som i dag vert tekne inn ved påslaget på nettariffen, til slike tiltak.
- Når det gjeld forslaget til støtte til utbygging av vasskraft, så kan det fungere slik det er framlagt. Men når det gjeld vasskraft, så er det andre spørsmål som bør ordnast opp i:
 - Motstridande signal mellom bruk og vern gjev mindre utbygging og ikkje optimale prosjekt. Dette er etter vår vurdering den viktigaste hindringar for å få større bidrag frå vasskraft. Det er viktigare å få løyve enn tilskot.
 - Motstridande signal mellom tilskot og auka skattlegging. Det vert vist til forslaget i statsbudsjettet om grunnrenteskatt på småkraftverk, der også tilskotet skal reknast inn i skattegrunnlaget. Etter vår vurdering bør det ikkje vere grunnrenteskatt på småkraftverk. Grunngjevinga for det er at dette er ei distriktsnæring, og at inntektene frå denne trengst i ressursdistrikta, som har lita anna næringsgrunnlag. Vidare må fritaket for grunnrenteskatt vere eit botnfrådrag. Grunngjevinga for det er at ein elles vil få bygging av ”paragraf-kraftverk”, som det alt finst fleire eksempel på.

- Når det gjeld støtte til vindkraft på 8 øre/kWh, så høyrest det lite ut. Ein auke på t.d. 50 %, dvs. til 12 øre/kWh, bør vurderast.
- Støtte på 10 øre/kWh til elektrisitet frå andre energiformer, må vere mykje for lågt. Støttebeløpet bør minst doblast, dvs. ei støtte på minst 20 øre/kWh.
- Støttebeløp over så lang periode bør justerast for endring i pengeverdi pga. inflasjon. Grunngevinga for det er at støttebeløpet elles vil tape ein stor del av verdien mot slutten av perioden. Eksempelvis vil ei støtteordning med 2,5 % inflasjon om 20 år ha berre halve realverdien i høve til i dag. Indeksjustering er spesielt viktig dersom ordninga baserer seg på relativt låge støttebeløp, slik at utbygger har lite å gå på.
- I tilskotsordninga er det foreslått avkorting med 0,6 øre/kWh for kvart øre systemprisen på kraft overstig 45 øre/kWh. Ei tilsvarende opptrapping av tilskotet dersom marknadsprisen på kraft kjem under eit visst nivå, bør vere aktuell. Til dømes kunne tilskotet trappast opp med 0,6 øre/kWh for kvart øre systemprisen på kraft kjem under 30 øre/kWh. Grunngevinga er å redusere risiko for utbygger. Det er spesielt viktig dersom ordninga baserer seg på relativt låge støttebeløp, slik at utbygger har lite å gå på.
- Det bør og kunne gjevast støtte til nettilknytning for elektrisitetsproduksjon frå fornybare energikjelder. Investeringskostnaden i ulike prosjekt for utbygging av fornybar kraft varierer betydeleg. I høve til EØS-avtalen bør støtte til nødvendige nettinvesteringar vurderast både i høve til miljøretningslinjene og i høve til at det dreiar seg om investeringar i infrastruktur som allment tiltak.

Samarbeidande kraftfylka har merka seg at utbygger åleine må ta heile risikoen for at støtteordninga er gangbar i høve til EØS-avtalen. Så langt ser vi ikkje at dette kan løysast på annan måte. Det er likevel viktig at dette spørsmålet er avklara så langt råd før ordninga vert sett i verk.

Med vennleg helsing
Samarbeidande kraftfylke

Magnar Lussand
Styreleiar